

# TUNGE

---

## Gnr 52

### "Jærens Nordkapp"

Tunge er "Jærens Nordkapp", vert det sagt. Garden ligg på ein låg odde med Nordsjøen vaskande i vest og Byfjorden i aust og er den nordlegaste garden på Jæren. Berre i sør, i skifte med Sande, er garden landfast med resten av Randaberg. Meir enn nokon annan gard i bygda er historia prega av sjøen. Her ute dreiv bøndene alltid eit omfattande fiske. Her var i periodar både tollstasjon, los og fyr. I 1675 fekk Tore Knutsson brev på å vera gjestgjevar. I 1802 heitte det om garden at den "har fordelagtig beliggenhed til Lodseri og Fiskeri ved den ytterste Odde av Stavanger fjord".

Naturformasjonane er lite storslegne. Høgaste punktet er Håbakken med 36 meter, og utanom denne haugen ligg gardsvaldet under 25 meter. Nord ved fyret dukkar landet mest umerkande under Boknafjorden. Denne landtunga er det som har gitt namnet til garden.



På Tunge har det budd folk sidan folkevandringstida, dette syner gravhaugane og tuftene som er funne. Gravhaugen Grønhaug, som i nyare tid vart teken i bruk som potetkjellar, ligg i innmarka til det gamle tunet. På Håfjellrudlå, og ved Galten i grensa mot Sande i aust, er det funne mange gravrøyser, gardsfar og innhegningar datert attende til jernalderen.

### Torvrett i Harestadmyra


Den skrinne jorda har gjort det naudsynt å gjødsle mykje. Tång og tare var ein ressurs som vart godt utnytta, og på grunn av fiske kan og ein tenkja seg at fiskeavfall vart nytta. Då myrjorda vart spadd og dyrka, var det lite torv å henta til fyring. Tungegardane hadde difor torvrettar i Harestadmyra. Utmark hadde dei også på øya Alstein, der dei dreiv med jakt på sel og fuglefangst. Kring øya var det også eit rikt hummarfiske.

### Talglys i loftsglaset

Det store sildefisket som fann stad i byrjinga på 1800-talet la grunnlaget for fyr på Tunge. Det starta med talglys i eit loftsglas i Tungevågen i 1828. Etterkvart vart området utbygd til slik anlegget står i dag. Tungenes fyr vart nedlagt som seilingsfyr i 1984 og utbygd til kultursenter i 1989. Tungenes fyr er i dag del av Kystverkmusea.



Bumerker tilhøyrande garden Tunge



Randaberg  
kommune